



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2222 - 17/27311

Saksbehandlar:

Line Thuen Waage

line.thuen.waage@lindas.kommune.no

Dato:

26.09.2017

Oversending av klage på vedtak - Detaljregulering for Fonebostvegen - PlanID1263-201516

Vedlagt fylgjer sak for klagehandsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

Saka gjeld

Detaljreguleringsplan for Fonebostvegen gbnr 108/161 vart godkjent av kommunestyret i møtet 21.06.17. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av konsentrert småhus, fire einingar. Planforslaget legg til rette for bustadtilbod for husstandar i etableringsfasen og andre som har ei tilsvarende utfordring med å kome seg inn på bustadmarknaden.

Tiltakshavar er Lindås Tomteselskap AS og ABO Plan og Arkitektur AS er utførande plankonsulent.

Statens vegvesen kom med klage på kommunestyret sitt vedtak. Klagen til Statens vegvesen i brev datert 18.08.17 gjeld at deira uttale til planen, datert i brev 20.02.17, ikkje er regisert eller kommentert av kommunen ved handsaming av innkomne merknader til planframlegget. I brev datert 23.08.17 sendte Statens vegvesen enda ei klage i saka. Dette gjeld nye opplysningar i saka, her knytt til omsynet til Den Trondhjemske postveg.

Brevet frå Statens vegvesen datert 20.02.17 med merknader til 1.gangs handsaming vart ikkje sendt til postmottak og er ikkje mottatt av Lindås kommune. Administrasjonen har leita i kommunens system utan å finne spor av det nemnte brevet. Kommunen legg til grunn av vi ikkje har mottatt brevet. Merknadene til Statens vegvesen er kome inn for seint, og administrasjonen meiner risiko for feil i oversending/postgang ligg hos Statens vegvesen. Administrasjonen har gjort ein heilskapeleg vurdering av innhaldet i klagen, og vurderer at forholda Statens vegvesen viser til er av slik karakter at dei ikkje vil vere avgjerande for kvaliteten i planen. På denne bakgrunn meiner administrasjonen at det ikkje foreligger grunnlag for å endre reguleringsplanen, og finner ikkje grunn for å gje medhald i klagen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Klage på vedtak av detaljregulering for Fonnebostvegen, gbnr 108/161, vart handsama i Plan- og miljøutvalet i møte den 18.09.17, sak 094/17.

Klagen vart ikkje teken til følge og er med dette oversendt rette instans for vidare handsaming jf. plan- og bygningslova § 1-9.

Plan- og miljøutvalet har gjort fylgjande vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12, jf. §1-9, tek ikkje plan- og miljøutvalet klagen til følge. Klagen vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf.fvl §33.

Det er ikkje grunnlag for å omgjere vedtaket av eget tiltak, jf. forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c.

Oversending av klage på vedtak

Administrasjonen sender klagen til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf. fvl. §33.

Vedlagt er vedtak i saka med vedlegg. Fullstendig oversikt over dokument i saka finn de i lenke til innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015002222&

Eventuelle spørsmål kan rettast til sakshandsamar.

Tlf.: 56375630

E-post: line.thuen.waage@lindas.kommune.no

Med helsing

Line Thuen Waage
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på godkjent reguleringsplan Fonnebostvegen, plan-id 1263-201516

Reguleringsplan, 28.06.2017

Planomtale rev 28.6.017

2.gangs handsaming av reguleringsplan for Fonnebostvegen, gbnr 108161 Lindås

Føresegner Fonesbostvegen rev. 06.07.2017 (3)

Klage på kunngjering av godkjent reguleringsplan - Fonnebostvegen

Vedk klage på vedtak - Reguleringsplan - Fonnebostvegen - Planid 1263-201516

Vedlegg:

Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan - Gnr. 108 bnr
Merknader til Lindås kommune vedrørende klage av 18

Kopi til:

ABO Plan & Arkitektur	Hamnevegen 53	5203	OS
Lindås Tomteselskap AS	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------